

Aa nei paa den staen dar vogga mi sto

Tone: Vi færdest med lyst paa den

1) Aa nei paa den staen dar vogga mi sto
dar hev eg den gildaste trevna
da er so da røres baa vatn aa blod
da hev slik ein undarleg gjevna
aa nei dar so mor mi gjekk stulla
aa dar so eg leikte meg fulla

2) Paa viddi er bra nok men aller so gildt
so heima hjaa alle dei kjæra
nei dar so ein heve til morsauga smilt
aa maalfalle henna fekk læra
aa nei naar me brøsti fekk suga
aa med vora smaahendi knuga

3) Me syntes no gjedna at far sine ord
var dryge aa lydde so hare
me ræddast me kravla i fangje til mor
aa dar me so urædde vare
me dansad me gret aa me støya
i myllum til bal aa til møya

4) Fraa heimen me eingong lyt taka oss ut
aa kravla hjaa framande sveinar
men daa faar ein sjaa det vert annanslags sut
ein faar ikkje raa seg aaleina
daa heimen i hugen vor vakna
aa mor sine trøysteord sakna

5) Du hugsar vel endaa fraa me var smaa
kor mangt me fann paa aa gjera
men sutlaus gjekk ein til arbeide daa
du veit at det kom 'kje til æra
men so glad naa me saag det foga
til erbeid so indarleg hoga

6) Dei borni so leikar i staalsette heim
hev jamt vorte duglegste menner
der finnar du aalvor, der finn du ein svein
so luar aa hjarteleg brenner
so truskaap aa ærleik aa vyrdna
ein finn uti al deira styρνad

7) Dei vil ikkje byggja paa steingrus aa sann
men grunna paa berget dei gjera
dei gjera sitt yrke so godt so dei kan
so sikkraste huset kan bæra
naa stormveir aa bylgjegong truga
naar falske profetar kjem ljuga